

Preses Olav Fykse Tveit:

Minneord ved Rosemarie Köhn si gravferd

Hamar domkyrkje 3. november 2022

«SANNHETEN TRO I KJÆRLIGHET»

Biskop emerita Rosemarie Köhn sovna stille inn natt til søndag etter lengre tids sjukdom. Det er med stort vemod og med ein djup og inderleg takk vi følgjer henne til grava i dag. Ho var ei heilt spesiell gåve i rett tid til Den norske kyrkja og til alle hennar medlemmer, men også til heile det norske samfunnet. Vi ser overveldande teikn på dette i dag, og vi høyrer og les det som vert sagt om kor mykje ho fekk bety for så mange. Det takkar vi henne for i dag. Vi takkar Gud for den ho var.

Rosemarie Köhn var biskop i Hamar bispedømme i åra 1993 – 2006. Ho fekk avskjed i nåde på grunn av sjukdom. Utan hennar liv og virke hadde både kyrkja i vårt land og samfunnet vore annleis.

Før ho vart biskop var Rosemarie Köhn forskar og prestelærer ved Universitetet i Oslo. Hun let sin grundige og breie bibelkunnskap forme livet. Innsikta i skriftene i Det gamle testamentet, og til evangelia i Det nye testamentet var hennar trygge og ufråvikelege fundament ved alle hennar grensesprengjande og epokegjerende vegskiljer.

Biskop Rosemarie Köhn har gjort kyrkjas bodskap tydeleg slik at folk har kjent seg bekrefta og styrkt. Uredd har ho gått føre på så mange vis. Ho var ei av dei første kvinner som vart ordinert til presteteneste. Ho var den første kvinna som var rektor for Det praktisk-teologiske seminaret ved Universitetet i Oslo. Ho vart i 1993 Den norske kyrkjas første kvinnelege biskop, men også den første i Norden og den tredje i den lutherske verdsfamilien. Med dette vart ein draum oppfylt, om at likeverd og likestilling skulle gje seg eit slikt uttrykk i kyrkjas leiarskap. Slik er ho ikkje berre ein person. Ho endra også kyrkjehistoria.

Det er eit stort paradoks i hennar liv og virke. Ho fekk sjølv kjenne på korleis livet kan vere utrygt. Ho vart fødd i Tyskland med norske og tyske foreldre då andre verdskrigen var sju veker gamal. Sju år gamal kom ho til Noreg som flyktning. Attpåtil valde ho som ungdom ei usikker framtid som teolog, i ei tid då kvinnelege teologar enno ikkje kunne verte prestar i kyrkja vår. Likevel, eller kanskje også difor, vart nettopp Rosemarie Köhn den biskopen i landet vårt som makta å gje tryggleik til mange menneske i kyrkja og samfunnet som tidlegare har vore utrygge på sitt verd og si verdigheit, skeive og fleire andre grupper. Ikkje sjeldan løfta Rosemarie Köhn fram tema som andre ikkje hadde tenkt på slik. Ivrig peikte ho på dette og avdekkja noko som kunne gjerne vekkje ei felles begeistring.

Rosemarie Köhn sin sterke og integrerte Kristus-kjærleik har gitt oss ei opnare og varmare kyrkje. Gjennom hennar uredde handlingar fekk mange som ikkje var rekna med i det gode selskap sin naturlege plass. Det gjorde ho ut frå hennar forståing av evangeliet. *Sannheten tro i kjærlighet*, det var tittelen på grunngjevinga ho skreiv i 1999 i samband med at ho gjeninnsatte i teneste ein prest som hadde inngått partnerskap.

Dette uttrykket frå Bibelen, *Sanninga tru i kjærleik*, kan gjerne stå som overskrift over heile hennar liv og virke. Ho gjorde kyrkja opnare, og bidrog til større takhøgde i kyrkja.

Biskop Rosemarie Köhn hadde ei eiga og særleg utstråling. Ho var stillferdig i si framferd, men møtte folk med varme og var svært nærverande.

Ho viste mot og fastheit i vanskelege spørsmål.

Ho var folkeleg, raus og klok, og det prega henne i alt ho gjorde. Slik fekk ho tillit og vann ein stor plass i folks hjarte, både innad i bispedømet og utover det ganske land. Ho var alle si Rose.

Ho etterlet seg ektefelle Susanne Sønderbo. I dag står vi saman med deg og familien elles i sorga.

Så vert dei ståande desse tre: Tru, von og kjærleik.

Men størst mellom dei er kjærleiken. (1 Kor 13, 13)

Vi ber denne arven etter henne med oss vidare og lyser Guds fred over Rosemarie Köhns gode minne.